

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Sogn og Fjordane.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Brømanger

Emne: Juletre og julehalm.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Går for det meste fram av svara.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Juletre er svært vanleg. Det må nok reknast for unntak, dersom det er ein heim som ikkje har juletre.
2. Eg har ikkje funne nokon som kan gje opplysing om kva tid dei tok til med å ha juletre. Ein må helst seie at det for 70-80 år sidan var det helst få som hadde tre. Presten Koren skriv i dagboka si at han i kring 1870 fekk juletre frå Övrebotten.
3. Dette har eg ikkje funne noko overlevering om.
4. Heller ikkje dette har eg funne noko om.
5. No er dette ikkje brukt.
6. Det er brukt to storleiker. Den eine sorten er så ~~ek~~ stor at treet rekk frå golvet og omlag til taket. Den andre sorten står på bordet, og kan då vere ganske lite.
7. a. For det meste er det pynta med kjøpt juletrepynt. Spir, flagg, kuler både enkle og i lekkjer, gylte tråder og anna. Eg har og sett grankongler som var farga med gull-eller sylvbronse. Dessutan er brukt heimelaga korger av farga papir.
- b. Lys høyrer til juletree.
8. För var det helst husmora som pynta treeet. No vert det gjerne den som har best tid, gjerne borna.
9. Sjå 6. Heilt fritt på golvet er det sjeldan det står, helst i ei krå både når det står på golvet og på bord. Når dei då skal gå kring det, dreg dei det fram på golvet.
10. Lysa vert kveikte julafalta, nyårsafta. För kveikte dei og lysa trettanalta og tjuandealta, men dette er vistnok no heilt slutt. Men det er gjerne brukt å ha juletrefest på ein av dei nemnde dagane. För var det og sume som kveikte lysa juledag om kvelden.
11. Det er brukt å gå kring treeet i heimane, men det kan kanskje ikkje lenger seiast å vere det vanlege. Grunnen er vel at det no er færre born i heimen, slik at det vert vandt å få i stand ring. Men på juletrefestar er alle med og går kring, både unge og gamle. Dei syng salmane for julen i salmeboka, og songane i dei vanlege hefta med julesongar.
12. Alle har det stående over nyår, dei fleste over trettandag, sume over tjuandedag, og nokre få litt lengre. "Kyndelsmyss-Knut drikk og dansar julen ut," er

er ~~ett~~ gamalt ordtak.

13. Alt pyntet vert teke av treet med det same dei skal ha det ut. Då får borna vere med og hjälpe til. Det heiter å ta av treet.
14. Frå fyrst av berre fure. Men då den planta garna vart så stor at dei kunne nytte ho til tre, vart det brukta litt gran slike som dei skulle tynne ut likevel. Men fure er enda det vanlege. Det har av og til vore nytta eine, men det er unnatak.
15. Dette ~~xxx~~ er ikkje kjent i Bremanger.
16. Heller ikkje dette er kjent her.
16. log 2 og 3 og 4.

Det einaste eg har funne om julehalm er at dei hadde halm ut over golvet julenatta og reidde opp flatseng og låg der julenatta.

4337

NORSK ETRIOLOGISK GRANSKING

April 1950.